



Kristian Bringedal orienterer om tønnefabrikasjon. Fire av dei åtte frå Guatemala sit til høgre. Dei er (frå høgre) Alba Suy, Rosa Bixcul, Gabriel Cuj og Marlon Sotz. Alle er Maya-indianarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Venskapsbanda mellom Kvinnherad i Noreg og San Lucas i Guatemala vart styrka i Bøkkerverkstaden på Rød måndag kveld då det vart halde ein kystkulturkveld i tradisjonell "Bringedal-regi" for dei populære gjestene. Berre ein av dei har vore i Noreg og Kvinnherad før.

Dei åtte frå Mellom-Amerika hadde hatt ein av mange inntrykksmetta dagar i to veker som er tett pakka med program. Dei hadde mellom anna vitja Søral og hovudrenseanlegget på Husnes. Det siste gjorde eit sterkt inntrykk fordi vassproblema er store der dei kjem frå.

Men hvis dei var slitne, kunne ingen merka det på deira song og dans i tønne-museet ved Storsundet. Men dei tykte det var kjølig i den gamle verkstaden. Det hadde dei vår fulle forståing for! Pluss 15 er svært kaldt i San Lucas, ein kommune som ligg rundt 2.000 meter over havet.



Kristian Bringedal nyt lubbesild: - Verkeleg snacks!

Kva er det så som har gjort størst inntrykk på guatemaltekerne (det heiter faktisk det!) når dei no har vore høgt og lågt i kommunen vår? Både eldre og yngre har det same spontane svaret: - At folk er så venlege! Både Rene Basegoda (rektor på venskapsskulen til Valen) og skule-elev Marlon Sotz sa det. Og det kan ein ikkje minst forstå på bakgrunn av at mange i gruppa er Maya-indianere, som har vorte hardt handsama og diskriminert ned gjennom århundra.



Kristian Bringedal og Ove Tvedt har her relativt vellukka opplæring i ein dans frå Guatemala. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I Bøkkerverkstaden møtte dei varme sjølv om det var heller hustrig der. Ikkje minst songen på både norsk og spansk varma.

Og så fekk dei høyra kultursjef Kristian Bringedal spele på eit stort register: Han spela trekkspel, orienterte om tønneproduksjonen, instruerte i korrekt handsaming og eting av lubbesild, fortalte om humlepungane og var jamvel innom tekniske detaljar i den flotte snurredassen ved Bøkkerverkstaden.

Gjestene trivdes og dei står til truande då dei sa at dei likte lubbesilda svært godt. Dei har forresten ein annan fisk-lekkerbisen: Dei fortalde uskedalen.no at dei plar tørka fisken frå ein stor innsjø der dei bur og eta han til påske i oppbløytt tilstand og duppa i olje.

Trekkspell er "in" på sjefsnivå i Kvinnherad kommune: Land brukssjef Karin Thauland var ikkje dårlegare enn at også ho svingte opp med tre leikar og som trekkspelar nummer tre denne kvelden fekk vi høyre Sussi Bodin frå Danmark og Varaldsøy på toradar. Hennar høgst personlege tolking gjorde sterkt inntrykk både på gjestar og fastbuande. Det galdt også visesongen hennar.

17. mai kjem gjestene frå den andre sida av havet for å vera med i programmet anten på Stemneplassen eller i Aktivitetshuset. Vi gler oss!

Av Ola Matti Mathisen



Gjestene likte også lubbesilda. Frå venstre sit Ragnhild Røstbø frå venskapsgruppa, Rene Basegoda, Blanca Rodriguez, Byron Maldonado og Veronica Santtizo. (Foto: Ola Matti Mathisen)